

KONTAKTUTVALET FOR SKOGBRUKET I ROGALAND

ADRESSE: KONTAKTUTVALET I ROGALAND, LANDBRUKSAVDELINGA, LANGFLÅTVEIEN 29
POSTADR: POSTBOKS 210, 4001 STAVANGER

TELEFON: 51 56 87 00

TELEFAKS: 51 56 89 41

Ark. nr. 530 Sak nr 2004/1021

15.03.2004

Landbruksdepartementet,
Avd. for skog- og ressurspolitikk
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Høringsuttale - ny lov om skogbruk

Generelt

Lovforslaget er ei typisk rammelov (frå 58 paragrafar i gamal lov til 21 paragrafar i ny lov), der ein legg opp til at departementet kan fastsetja eigne forskrifter på fleire område. For kommunen med førstelineansvaret for oppfølging av lova, vil mykje avhenge av at ein får presise og gode forskrifter for å handheva regelverket i praksis. Dette gjeld mellom anna foryngingsplikta som har vore alt for ulen i eksisterande lov.

Vi ser det som positivt at den nye lova framleis skal vere ei næringslov og at prinsippet "fridom under ansvar" blir vidareført.

På grunn av noko redusert kapasitet vil vi samle vårt innspel kring nokre få tema.

Enkelt paragrafar

§ 1 Formålsparagrafen

I ei rammelov av denne typen er formålsparagrafen svært viktig. Forslaget synest å vera ei innsnevring i høve gjeldande lov, og dagens jordlov, som det er naturleg å samanlikna med. Når også Stortinget så tydeleg har sagt at skogbrukslova framleis skal vera ei næringslov, bør dette komma klart fram i formålsparagrafen.

I framkant av dette lovutkastet blei det gjort eit omfattande dugnadsarbeid rundt om i fylka, der m.a. Hedmark fekk i oppdrag å formulere eit utkast til formålsparagraf. Dette utkastet, der næringsaspektet kjem klart fram, samstundes som miljøomsyna er godt ivaretekne, synest vi er bra. I tillegg er hovudinnhaldet likt formålsparagrafen i jordlova.

Ordlyden i forslaget frå Hedmark, med nokre justeringar frå Rogaland, er som følger:

"Denne lov skal fremme et bærekraftig og konkurransedyktig skogbruk

Skogen er en langsiktig nasjonal ressurs som skal forvaltes slik at produksjonsgrunnlaget og det biologiske mangfoldet i skogen opprettholdes og videreutvikles, viktige kulturminner bevares og skogens beskyttende funksjoner holdes intakt.

Skogressursene skal forvaltes slik at de gir rom for annen næringsutnyttning og en allsidig bruk og opplevelse”

Forslaget er bygd opp i tre ledd. Hovudmålet er å fremje skogbruksnæringa basert på treet som ein ressurs. I andre ledd er det utdjupa kva rammer som gjeld for at næringa skal vere bærekraftig. I tredje ledd er det vist til kva aktivitetar og omsyn skognæringa skal balanserast mot. I sum gir dette ein berekraftig forvaltning av næring og skogressursar.

I ei næring som skogbruk må ordet ”*langsiktig*”, vere eit berande element. Vi ser det som viktig at dette blir teke med i formålsparagrafen. Med dagens kortsiktige horisontar, som råder i samfunnet, er dette særskild viktig å få med.

§ 3 Skogbruksstyresmakt

Vi er positiv til at det er lagt opp til å føre vidare ein skogadministrasjon med kompetanse på alle nivå som faktisk gjer det mogleg å følgje opp regelverk og skogpolitiske målsettingar både regionalt og lokalt. Utan kompetanse og ressursar blir gode formuleringar og forskrifter lite verd.

Gjeldande lov bruker skogoppsynet om skogstyresmaktene. Sidan vi no har fått eit Statens naturoppsyn (SNO), meiner vi det er gode grunnar for å halde fram med ei godt innarbeida nemning som skogoppsynet.

§ 4 Skogeigar sitt forvaltaransvar

Det er bra at forvaltaransvaret kjem tydeleg fram, men slik denne paragrafen er formulert er det omsynet til miljøet som veg tyngst. Skjøtsel, stell av skog og å syta for tilfredstillande produksjon på skogareala synest å vera underordna. Når dette i utgangspunktet skal vere ei næringslov, bør det vere betre balanse mellom miljø- og næringsinteresser.

Dersom ein vel å innføre ei eiga miljøforskrift bør denne samsvare med standardane for eit berekraftig skogbruk, som er utarbeidd og vidareutvikla gjennom prosjektet Levande Skog og sertifiseringsordninga.

§ 5 Skogregistrering og skogbruksplan

Formålet med paragrafen kjem i dette tilfellet ikkje godt nok fram. Landbruksdepartementet har ved mange høve gitt uttrykk for at skogbruksplanar er svært nyttige i gjennomføring av skogpolitikken. Kontaktutvalet hadde sett det som naturleg at dette også kom og fram i lovteksten.

Vi er samde i at det ikkje bør vera eit generelt krav om at skogeigar har skogbruksplan, men sett i lys av dei krav til planar som stillast i jordbruket, bør det gis opning for å kunna stilla krav om skogbruksplan i einskilde høve.

Det er også i denne paragrafen opna for at departementet kan gi forskrifter. Kontaktutvalet vil minna om at slike forskrifter må utformast med tanke på dei store forskjellane i skog og eigedomstilhøve rundt i landet.

§ 6 Forynging og stell av skog

Her er det i tredje ledd lagt opp til at kommunen meir eller mindre kan utforma sin eigen skogpolitikk. Kommunen kan nekta, eller sette vilkår, ved planting i skoglause område, ved skifte av treslag, grøfting og bruk av plantevernmiddel, dersom dette har uheldige konsekvensar for miljøet. I einskilde kommunar vil ein hevda at all granplanting er styggedom. Med bortfall av kompetansekrav og med fleire og fleire kommunar utan skogkompetanse, vil det vere slump og veldig personavhengig kva lokal skogpolitikk som vil bli ført. Hovudmålet til ein ny skoglov må vere å skape forutsigbare rammer for næringa, og ikkje ymse utslag i alle retningar utan fagleg fundering.

Det er lagt opp til ei innskjerping av foryngingsplikta med mellom anna fristar for gjennomføring av tiltak, og at det skal vere samsvar mellom hogstform og metode for forynging. Dette er bra! Kva som ligg i omgrepet tilfredstillande forynging vil bli utdjupa i ei eiga forskrift. Her vil det vere heilt avgjerande med konkrete og presise formuleringar for at foryngingsplikta skal kunne handhevast i praksis. Eksisterande lov er uklar på dette punktet, og i praksis har dette difor vore ein nærast "død paragraf".

I forskrifta er det lagt opp til eit minstekrav til tettleik på nyetablering av skog. Minstekrava som er skissert i forskriftsutkastet, ligg langt under tilrådingane for optimal tettleik frå norsk skogforskning. Kontaktutvalet meiner lova må ha ambisjonar og krav som gjer at kvaliteten og produksjonen i framtidsskogen ikkje blir vesentleg svekka. Utvalet meiner også at den nye lova generelt bør vere i tråd med seinare års skogforskningsresultat og tilrådingar basert på dette.

§ 15 Bruk av skogfondet

Ein legg her opp til ei detaljert opplisting over kva skogfondet kan brukast til. Dette finn vi merkeleg, når det også her er lagt opp til å utarbeide nærare forskrifter. Det må vere tilstrekkeleg at det står at skogfondet skal brukast til langsiktige investeringar, og at ein gjennom forskrifter kan tilpasse bruken til ulike langsiktige investeringar etter forholda og tilhøva i tida. Det er jo tross alt enklare å endre ei forskrift enn å endre ei heil lov, det er vel også litt av poenget med ein typisk rammelov.

Med helsing
Kontaktutvalet for skogbruket i Rogaland

Stein Bomo
sekretær

